


INFORMASJONSHEFTE FOR KLASSEKONTAKTAR



Klassekontaktar

Det å vere klassekontakt er ein viktig del av samarbeidet mellom skulen og heimen. Når det skal veljast nye klassekontaktar bør dei som har vore sei noko om arbeidet som er gjort, kva forventningar og kva moglegheiter som ligg i dette.

- 1. trinn vel klassekontaktar for 2 og 3 år (50/50).
- Klassekontakt som går ut må påsse på at det vert valgt ny klassekontakt for neste periode (2 år). Valet bør skje på vårmøtet.
- Dersom trinnet får endring på antall grupper, må ein tilpasse talet på klassekontaktar.
- Det er også val av vararepresentantar. Denne skal stille viss klassekontakt sjølv er forhindra i å møte. Mange klassekontaktar vel å bruke sin vara aktivt som ein samarbeidspartnar i sitt arbeid som klassekontakt.
- I møte med skulen er det vanligvis bare klassekontakten som stiller.
- Skulen held eit informasjonsmøte for klassekontaktar om hausten.

Sosiale tilstellingar

Elevane på eit trinn er ei sosial eining. For at desse elevane skal føle eit samhald kan det vere fint at det vert arrangert sosiale tilstelningar. Nedanfor er det sett opp nokre punkt knytt til dette.

- Alle klassetrinna skal ha minst ei sosial samling pr. skuleår.
- Fast avslutningskveld for 7.trinn ein av dei siste dagane elevane er på skulen. FAU sponsar med 50 kr pr. elev når det gjeld bevertning. Klassekontaktar tek kontakt med skulen i god tid før festen (minst 1 månad før).
- Sosiale tilstelningar som skjer i skuletida, skal gjelde heile trinnet, ikkje bare enkeltgrupper. På kveldstid kan ein gjere noko bare med ei enkelt gruppe.

Gåver

Når lærarar sluttar med ei gruppe, har det vore tradisjon at dei får ei gåve. Dette har vore praktisert ulikt. På samarbeidsmøtet kom vi fram til følgjande når det gjeld gåver, markeringar:

- Kontaktlærarar på 7.trinn får gåve til ein verdi av kr 400,-.
- Gje ei gåve ved naturlege overgangar, skifte av lærar. Klassekontaktane på eit trinn vurderer dette.

Turar

Skulen har ein ekskursjonsplan som seier noko om kva turar elevane skal ha på dei ulike årstrinna. I denne planen er det lagt inn ein overnattingstur i byrjinga av 7. trinn. I tilknytning til denne turen vil det vere naturleg med eit samarbeid mellom skulen og klassekontaktane på trinnet.

Diverse/praktisk informasjon

- Viss trinnet vel å ha klassekasse, må dette takast opp tidleg. Organisering i bank.
- Viss eit trinn vel å arrangere ein tur utanom skulen, må dette takast opp tidleg på året.
- 6. trinn har ansvar for 17. mai

Gjensidige forventningar heim – skule

1) Generelt:

Dokumentet er ei oppsummering av korleis skule og heim ønskjer at samarbeidet skal fungere og kva forventningar ein har til kvarandre.

2) Samarbeid om einskildelevar:

a. Eleven sitt arbeid:

- lærarane har ansvaret for å lage tilpassa arbeidsplanar. Dei følgjer opp at arbeidet vert gjort, bevisstgjer elevane på kva dei har lært og kva elevane må arbeide vidare med.
- Føresette hjelper eleven til å få gode arbeidsvanar heime og støtter opp om arbeidet læraren gjer på skulen.
- Føresette tek kontakt med lærar når dei ser at arbeidsplanen ikkje fungerer. I samarbeid justerer føresette, elev og lærar planen.
- På foreldremøte om hausten går lærarane gjennom korleis planen er organisert, kva metodar ein nyttar for å følgje opp planen og korleis ein bevisstgjer elevane om kva dei skal lære. Lærarane og føresette vert samde om korleis føresette best kan støtte opp om dette arbeidet.

b. Eleven sin trivsel:

- Skulen har ein eigen plan for å skape eit triveleg skulemiljø.
- Jærskulen har eigen plan mot mobbing.
- Planane ligg tilgjengelege på skulen si heimeside.
- Føresette er kjende med skulen sine planar og støttar opp om dei.
- Lærarane og føresette tek tidleg kontakt med kvarandre når ein merkar mistrivsel hos eleven, eller eleven har vanskar med å følgje reglane på skulen.
- Ved vanskar avtaler lærar og føresette vidare samarbeid, både innhald og kontaktform/mengde.
- Ved større vanskar kan lagleiar eller andre faginstansar skal koplast inn.

c. Samtale føresette/lærar/elev:

- Til vanleg er det minimum 2 samtalar i året.
- Ut frå behov gjer ein avtale med den einskilde om evt. fleire samtalar eller anna form for tettare samarbeid.
- Samtalen skal ha ei skriftleg oppsummering med prioriteringar for kva eleven skal arbeide særleg med fram til neste samtale.
- Alle lærarane har kommunal e-post som foreldra kan/bør nytte til meldingar/beskjedar til lærarane.

3) Samarbeid på trinnet:

a. Foreldremøter:

- Til vanleg er det 2 møter pr. skuleår, eit om hausten og eit om våren.
- Møtet om hausten har lærarane ansvaret for. Hovudinnhaldet vil vere presentasjon av planar for skuleåret og evt. tiltak i høve til moment som kom fram under evalueringa om våren. Klassekontaktane kan kome med innspel til møtet.
- Møtet om våren har foreldra/klassekontaktane ansvaret for i saman med lærarane.
- Lærarane og klassekontaktane summerer opp vurderinga i etterkant.

b. Konfliktsaker:

- Foreldre som har saker dei er misnøgde med på trinnet, eller skulen generelt, tek dette opp med klassekontaktane.
- Før klassekontaktane tek misnøgda opp med lærarane bør dei undersøkje om dette gjeld mange heimar.
- Klassekontaktane og lærarane vert samde om kva ein gjer. Dersom saka ikkje kan løysast på trinnet, vert rektor kopla inn.

c. Klassekontaktane sine oppgåver:

- Kome med eventuelle innspel til foreldremøte på hausten.
- Har ansvaret for gjennomføring av møtet om våren, og planlegge kva som skal vurderast saman med lærarane.
- Har sjølvstendig ansvar for å ta initiativ til ulike aktivitetar på trinnet.
- Ta opp med lærarane innspel frå foreldre som gjeld trinnet generelt, ikkje einskildelevar.

4) Samarbeid som gjeld heile skulen:

- FAU er foreldra sitt talerøyr i saker som gjeld heile skulen. Klassekontaktane melder inn saker frå trinn eller einskildforeldre som er aktuelle for heile skulen.
- Representantar til FAU vert valde blant foreldra frå 1., 4. og 6. trinn kvart år. Dei som vert valde frå 1. trinn sit i 3 år. Dei som vert valde frå 4. og 6. trinn sit i 2 år. Vala vert gjennomførte i mai kvart år. Foreldra stemmer trinnvis. Valet i 1. klasse vert i august/september. Foreldra har ei stemme for kvart barn på skulen.
- Skulen si overordna målsetjing er at elevane skal oppleve læring og trivsel på skulen.
- Utanom lærarane og foreldra sine fortløpande vurderingar av trivsel og læring, vert det årleg gjennomført nasjonale og lokale testar. Nasjonal spørjeundersøking hos elevane, elevundersøkinga, foreldreundersøkinga og vurdering av skuleåret på kvart trinn. Resultata vert presenterte for FAU og eventuelt på foreldremøter.
- Skulen nyttar heimesida til orientering.